

BOKN KOMMUNE

Sakspapir

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	10.09.2019	049/19
Seniorråd/råd for eldre og funksjonshemma	10.09.2019	020/19
Kommunestyret	01.10.2019	039/19

Saksansv. Jan Erik Nygaard	Arkiv K1 - 145	Arkivsaknr 18/257
----------------------------	----------------	-------------------

Rullering av kommuneplanen sin samfunnsdel - framlegg til plan - merknader i høyringsrunden

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i § 11-15 i plan- og bygningslova vedtar Bokn kommune framlegg til ny samfunnsdel av kommuneplanen dagsett 06.09.2019 for perioden 2019-2031.

Planen skal leggjast til grunn for kommunen sine prioriteringar og satsingsområde i perioden.

Seniorråd/råd for eldre og funksjonshemma 10.09.2019:

Behandling:

SB- 020/19 Vedtak:

Rådet tek planen til orientering. Dei er svært nøgd med "kortversjonen" og har opplevd å få positive tilbakemeldingar frå innbyggjarar på denne.

Formannskapet 10.09.2019:

Behandling:

FS- 049/19 Vedtak:

Rådmannen si innstilling vart samrøytes vedtatt.

Kommunestyret 01.10.2019:

Behandling:

KS- 039/19 Vedtak:

Rådmannen sitt forslag til vedtak vart samrøysta vedtatt

Kva saka gjeld:

Endeleg godkjenning av ny samfunnsdel av kommuneplanen for perioden 2019-2031.

Bakgrunn for saka:

Formannskapet i Bokn kommune vedtok i sak 035/19 å legge framlegg til ny samfunnsdel av kommuneplanen dagsett 28.05.2019 ut på høyring og til offentleg ettersyn i minst 6 veker.

I samsvar med vedtaket i saka, vart planframlegget avertert og sendt til ei rekke instansar med høyringsfrist 15.08.2019.

Fylkesmannen i Rogaland, Rogaland fylkeskommune og Friluftsrådet vest fekk etter søknad utsett høyringsfristen til 04.09.2019

Det kom inn fråsegn frå 6 instansar i høyringsrunden.

Saksutgreiing:

Dei einskilde merknadane er referert i kortform, og kommentert nedanfor.

Dei fullstendige uttalebreva ligg ved saka.

Haugaland Interkommunale Miljøverk IKS, 21.06.2019

HIM viser i fråsegna mellom anna til gjeldande renovasjonsføresegner som er vedteke av Bokn kommunestyre, samt andre nytte dokument som kommunen vert oppmoda om å fylge ved planarbeid.

Det vert og gjort greie for erfaringane med avfallshandteringen i Bokn kommune, samt moderne renovasjonsløysingar og mogeleg IT-samarbeid.

I tillegg vert det vist til aukande utfordringar knytt til næringsavfall i hushaldningsbransjen, og det vert rådd til at butikkar/næringsverksemder har separate oppstillingsplassar og oppsamlingseininger for å unngå konflikt med hushaldningsabonnentar.

Kommentar

Gjeldande føreseger og tilrådingar vil verta lagt til grunn i det vidare planarbeidet i kommunen.

Direktoratet for mineralforvaltning, 30.07.2019

Direktoratet viser til at i kommuneplanarbeidet er det eit viktig grep å vurdera kommunen sitt faktiske behov for mineralressursar i eit lengre tidsperspektiv. Dette er viktig både når det kjem til klima og miljø, næringsliv og by- og tettsteds utvikling som er nokon av måla til kommuneplanen sin samfunnsdel.

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, vert det vist til Direktoratet si heimeside.

Kommentar

Dei vurderingane som Direktoratet for mineralforvaltning rår til vert gjort knytt til behov for mineralressursar, vil verta gjort i arbeidet med arealdelen av kommuneplanen.

Mattilsynet, 13.08.2019

I fråsegna vert det vist til at det er positivt at kommunen har erverva eigedomar i nedslagsfeltet til vasskjelda, Torlandsvatnet, for å sikre langsiktig vern av vasskjelda. Mattilsynet meiner også det er svært positivt at det er eit mål for Bokn kommune å knytte alle delar av kommunen til det offentlege vassverket, men peikar på at det å opne for meir spreidd utbygging, gjer dette meir utfordrande.

Mattilsynet peikar også på problemet med manglande reservevasskjelde i Bokn, og finn det positivt at dette behovet er teke opp i handlingsprogrammet knytt til samfunnsdelen av kommuneplanen.

Kommentar

Det å sikre innbyggjarane i Bokn tilgong til tilstrekkeleg og hygienisk trygt drikkevatn er ei prioritert oppgåve som vil verta følgd opp mellom anna i det vidare arbeidet med hovudplan for vatn- og avlaup og arealdelen av kommuneplanen.

Fiskeridirektoratet, 14.08.2019

I det store og heile finn Fiskeridirektoratet at Bokn kommune sitt framlegg til kommuneplanen sin samfunnsdel for 2019-2031 ser ut som en god plan for deira del, og direktoratet nøyer seg i denne omgangen med å vise til sine innspeil til oppstart av planarbeidet i brev dagsett 14.12.2018. Det vert og gjenteke at Fiskeridirektoratet ser fram til å bidra ved arbeidet med arealdelen av kommuneplanen, som er neste steg i kommuneplanprosessen.

Rogaland fylkeskommune,04.09.2019

Fylkestinget i fylkeskommunen gjorde i sak 161/2019 samråystes følgjande vedtak:

«Fylkesutvalget vurderer kommuneplanens samfunnsdel som godt egnet som et overordnet styringsdokument, som synliggjør prioriteringer og satsingsområder som skal følges opp i perioden.»

I saksframstillinga har Fylkesrådmannen i sin konklusjon ei rekke tilrådingar som vert sitert og kommentert nedanfor. Fylkesrådmannen sine tilrådingar/merknadar er sett i kursiv:

«Fylkesrådmannen anbefaler at det blir tatt en gjennomgang av samfunnsdelens kortversjon for å sikre at den i større grad gjenspeiler innholdet i kommuneplanens samfunnsdel»

Kommentar

Kortversjonen vart laga som eit informasjonsskriv til innbyggjarane i Bokn, med det siktemålet å få innspeil frå desse i høyringsrunden. Kortversjonen var var ikkje meint å gje eit samandrag av av planen, men vart utforma med tanke på å vekkle interesse for hovuddokumentet som vart lagt ut på kommunen si heimeside. Tilbakemeldingane frå publikum tyder på at me i ei viss grad har lukkast med dette.

Dersom det i det vidare arbeidet viser seg behov for å lage ein kortversjon som inneheld eit samandrag av hovuddokumentet, vil innspeilet frå Fylkesrådmannen verta teke omsyn til.

«Fylkesrådmannen anbefaler at kommunen rydder litt opp i plandokumentet, herunder "slanker" dokumentet for irrelevant informasjon, og implementerer retningslinjene (side 30-35) i den øvrige samfunnsdelen.»

Kommentar

I arbeidet med plandokumentet vart det teke sikte på at utfordringane og satsingsområda skulle kome tidleg fram i dokumentet, og at dette skulle munne ut i retningslinjer og handlingsprogram i samsvar med Kommunal- og moderniseringsdepartementet sin lovkommentar.

Ei slik oppbygging synes å vera logisk korrekt, sjølv om deler av innhaldet og føresetnadane for

retningslinene kanskje er nemnt tidlegare i dokumentet.

Det er og vanskeleg å vere samd i at det er irrelevant å sitere føremålparagrafen i plan- og bygningslova i fulltekst. Denne er på mange måtar grunnlaget for heile planarbeidet, og er såleis nyttig informasjon for brukarane av planen.

Likeeins må det vere viktig for brukarane av planen at det er gjort greie for korleis arbeidet med planen har vore organisert.

Ei endring av strukturen i dokumentet bør utstå til neste rullering av planen, etter at det er vunne meir erfaring med bruken av denne.

«Fylkesrådmannen savner at samfunnsdelen omtaler utfordringer og strategier knyttet til alderssammensetningen i kommunen.»

Utfordringa knytt til alderssamansetjinga i kommunen er omtala i planen som ein del av utfordringsbiletet for kommunen, der det mellom anna heiter:

«Befolkinga blir eldre, men er like fullt ved god helse. Dette er svært positivt og lyt fortsatt fremjast. Ei aldrande befolkning gjev økonomiske utfordringar ved at utgiftene til å oppretthalde dagens standard og dekningsgrad i tenestetilbodet vil auke kraftig. Ein større andel av befolkninga vil ha og motta pensjon i staden for høgare arbeidsinntekt som inntektskjelde. Det vil bli krevjande å auka skattebyrda for den enkelte. I tillegg ser kommunen mot eit scenario med lågare inntektsoverføringer frå staten. Det vil bli tvingande nødvendig å kartlegge andre potensielle inntjeningsmoglegheiter.»

Tiltak for å møte denne utfordringa er mellom anna å leggje til rette for tilstrekkeleg antal bustader for alle livsfasar, i varierte og trygge omgjevnader, samt å bidra til at eldre og innbyggjarar med funksjonsnedsetjingar kan bu heime lengst mogeleg, slik det går fram under satsingsområdet for befolningsvekst og bulyst.

Dei økonomiske konsekvensane skal vurderast mellom anna ved å utgreie nye inntektsmoglegheiter og gjere greie for konsekvensane av desse, slik det går fram av handlingsplanen.

«Fylkesrådmannen oppfordrer kommunen å sikre en oversiktlig og god sammenheng mellom innsatsområdene og handlingsprogrammet, slik at handlingsprogrammet blir et effektivt styrings- og gjennomføringsverktøy og kan brukes direkte inn i økonomiplanarbeidet. Videre oppfordres kommunen å ta utgangspunkt i innsatsområdene og konkretisere tiltak, tid og ressurser til hver av disse. Dette gir en god oversikt og et godt utgangspunkt for å få gjennomføringen av innsatsområdene forankret i økonomiplanen.»

Kommentar

Handlingsplanen vil verta omarbeida i samsvar med fylkesrådmannen si tilråding, slik at samanhanga mellom dei ulike satsingsområda og dei tilhøyrande tiltaka går klårare fram.

«Fylkesrådmannen oppfordrer kommunen å jobbe frem en helhetlig plan for Føresvik som sentrum, med å involvere næringslivet, innbyggerne og frivillige lag/organisasjoner i en prosess for å finne ut hvordan Føresvik kan styrkes som bosted, næringssted og reisemål. Videre oppfordres kommunen å forankre tiltakene som kommer i prosessen i en helhetlig områderegulering for Føresvik sentrum.»

Kommentar

Behov for ein heilskapleg plan for Føresvik er absolutt til stades, og ein slik plan vil verta teke med til vurdering når det skal fastsetjast ein planstrategi for den komande valperioden.

«Kommunen blir oppfordret til å vurdere om et interkommunalt samarbeid dekker behovet for en egen plan for fiskeri og havbruk. Om arealdelen til kommunen også dekker sjøarealene og behovene

til fiskeri og havbruket, så er ikke behovet for en egen plan for fiskeri og havbruk like aktuelt.»

Kommentar

Behovet for ein eigen plan for fiskeri og havbruk vil verta vurdert i tilknyting til planstrategien for komande valperiode og ved rullering av arealdelen av kommuneplanen.

«Fylkesrådmannen ba i uttalelsen til planprogrammet at kommunen burde innarbeide kulturminne flere steder i samfunnssdelen. I foreslått plan er ikke dette fulgt opp i stor grad.

Bokn kommune arbeider for tida med en kulturminneplan. Den er under arbeid, men er ikke ferdigstilt. Likevel bør kommunen vurdere om enkelte tiltak som allerede er planlagt som del av handlingsprogrammet til kulturminneplanen skal inn i handlingsdelen til kommuneplanen. Dette slik at noen tiltak kan komme inn i økonomiplanen til kommunen.

Dersom det er mål og tema fra kulturminneplanen som er spesielt viktige kan disse nevnes i kommuneplanen. En kan nevne at kulturminneplanen er under arbeid, og at den vil sette mål og retningslinjer for bruk og forvaltning av kulturarven på Bokn.»

Som det vert peika på frå fylkesrådmannen, har Bokn kommune under utarbeiding ein kulturminneplan. Etter den opphavlege framdriftsplanen var det lagt opp til at denne planen skulle vore ferdig for handsaming samstundes med samfunnssdelen av kommuneplanen, og dette kan vere grunnen til at planen er utegløymt i handlingsplanen til samsfunnssdelen.

Dette vert nå retta opp, ved at kulturminneplanen vert lagt inn i handlingsprogrammet.

I arbeidet med kulturminneplanen er så langt Sefrak- registeret oppdatert, og arbeidet med å registrere andre aktuelle kulturminne pågår. Nå dette arbeidet er ferdig, må det føretakast ei prioritering av dei aktuelle kulturminna, og aktuelle verkemiddel for å få sikre dei prioriterte kulturminna, herunder økonomiske incentiv, må utgreiaast.

Før dette er gjort, er det vanskeleg konkretisere ulike tiltak nærmare.

Siktemålet er at kulturminneplanen er ferdigstilt før arealdelen av kommuneplanen vert rullert, slik at naudsynte tiltak kan leggjast inn i denne.

«Fylkesrådmannen mener samfunnssdelen med fordel kunne inneholdt flere eksplisitte beskrivelser av kommunens planer for å øke hverdagsaktivitet, skape helsefremmende bomiljø, flere sosiale møteplasser og rekreasjonsområder innenfor gangavstand fra der folk bor og trafikksikkerhet.»

Kommentar

Under satsingsområdet prioritering for befolningsvekst og bulyst, er det mellom anna peika på at kommunen tek sikte på å skape gode sosiale møteplassar lokalisert til eksisterande fritidsarenaer/skule/bibliotek/idrettsanlegg og kykja i Bokn, samt etablere offentlege møteplassar i sentrum (Føresvik).

Det siste må konkretiserast nærmare i den tidlegare omtala heilskaplege planen for Føresvik.

Vidare er det siktemålet å legge til rette for fleire gang- og sykkelstiar, samt å legge til rette for auka bruk av strandsona for ålmenta. Det skal og sikrast gode mogelegheiter for allsidig friluftsliv for alle innbyggjarar, mellom anna ved å arbeide for å etablere gang/turvegen Føresvik/Alvestadkroken i samsvar med gjeldande reguleringsplan.

I handlingsprogrammet er det lagt inn at utarbeiding av eigen plan for rekreasjon og aktiv fritid skal vurderast i tilknyting til planstrategien for komande valperiode.

Kommunen sine planar for å auke kvardagsaktivitet, skape helsefremjandede bumiljø, fleire sosiale møteplassar og rekreasjonsområde innafor gangavstand frå der folk bur og betre trafikktryggleiken, skulle med dette gå klårt fram av samfunnssdelen.

Konkretiseringa av tiltaka må vurderast ved utarbeiding av arealdelen av kommuneplanen og andre arealplanar som skal lagast i den komande valperioden.

Fylkesmannen i Rogaland, 03.09.2019

Fylkesmannen meiner kommunen langt på veg har lagt fram ein kommuneplan som følgjer opp utfordringane som blei belyst i planstrategien og planprogram, og at det er ein klar samanheng i frå målsettingane i planstrategidokumentet til satsingsområde i samfunnssdelen.

Fylkesmannen har under kommentarar og innspel til nokre tema som særleg vedgår deira sektorinteresser:

Skule og barnehage

Fylkesmannen deler kommunen si bekymring for kvaliteten i tenesta på grunn av lite fagmiljø. Det vert og vist til at planen burde innehalde mål, utfordringar, strategiar og tiltak for innhaldet i barnehage- og skulesektoren. Tiltak for å hindre fråfall i vidaregående skule bør også omtalast.

Kommentar

Handlingsprogrammet legg opp til at interkommunalt samarbeid skule/barnehage skal utgreiast og formaliserast.

Det er naturleg at fylkesmannen sine merknader vert vurdert og teke omsyn i dette arbeidet, og også i arbeidet knytt til dei tiltaka som er medteke i handlingsprogrammet når det gjeld barn/unge/oppvekst.

Den vidaregåande skulen er i hovudsak eit fylkeskommunalt ansvar, og fylkeskommunen tilbyr elevar i 10. klasse på ungdomsskulen ei såkalla «Flying-start»-kurs for dei som skal byrgje på vidaregåande skule.

Bokn kommune vil informere elevar i 10. klasse om dette tilbodet.

Landbruk

Fylkesmannen finn det positivt at kommunen viser til at landbruket er ei viktig næring i kommunen.

Kommentar

Kommunen tek sikte på å utarbeide ein jordvernstrategi som grunnlag for arbeidet med arealdelen i kommuneplanen.

Styrking av sentrum og bustadbygging

Fylkesmannen viser til at det er i tråd med nasjonale og regionale forventningar innafor arealpolitikken knytt til samordna bustad-, areal og transport-planlegging og klima, at kommunen ser det som viktig å satse på Føresvik/Alvestadkroken for lokalisering av tenester og bustadbygging. Samstundes har fylkeskommunen forståing for at kommunen ynskjer å leggje til rette for busetting i heile kommunen, men det vert og vist til mogeleg negative konsekvensar av dette.

Fylkesmannen legg derfor til grunn at kommunen i all hovudsak konsentrerer nye område for bustad i og i tilknyting til dei etablerte sentrum- og bustadområda ved Føresvik. Nye bustadområde bør plasserast slik at desse bygger opp om ein «innanfrå og ut»-strategi. Bruk av LNF-spreidd busetnad bør avgrensast til eit minimum, og berre slik at det styrkar område med eksisterande områder med busetnad som ikkje kjem i konflikt med jordvern- og miljøomsyn.

Kommentar

Fylkesmannen sine merknader vil verta teke med i vurderinga i det vidare arbeidet med å lage ein jordvernstrategi og rullering av kommuneplanen sin arealdel.

Folkehelse

I hovudsak meiner fylkesmannen at kommuneplanen følger opp utfordringane som er identifisert i oversiktsdokument (16.6.2016) og har integrert folkehelseomsyn i planarbeidet.

Kommunestruktur, befolkningsutvikling og tenestetilbod

Fylkesmannen peikar på at det er viktig at kommunen nøye vurderer alternative strategiar for å motverke eventuelle uheldige konsekvensar for kommunesamfunnet dersom ønska effekt av E39 ikkje kjem.

Fylkesmannen viser og til at Bokn kommune har utfordringar når det gjeld kvalitet på tenestetilbod og kompetanse på viktige fagfelt, noko som i aukande grad kan gjere seg gjeldande i framtida. Vidare viser fylkesmannen til at dei tidlegare har stilt spørsmål ved om det er ei framtidsretta løysing å legge opp til kjøp av tenester frå Karmøy i det omfanget kommunen no legg opp til. Fylkesmannen hadde ønskt at kommuneplanen i større grad også hadde drøfta andre løysningalternativ utover berre å peike på interkommunalt samarbeid.

Kommentar

Kommunen er, - slik det og går fram av plandokumentet, - merksam på at det berre kan verta ein «korridor-effekt» av Rogfast-utbygginga, og handlingsprogrammet legg difor opp til at det skal oppretta eit eige Rogfast-utval med hovudfokus på korleis kommunen kan vere i forkant og å utnyttet potensialet i dette samerdselsstiltaket.

Når det gjeld kjøp av tenester frå Karmøy kommunen, er erfaringa med denne løysinga så langt god. Den gjeldande planstrategien som samfunnsdelen i kommuneplanen bygger på, har konkludert med at Bokn skal halde fram som eigen kommune.

Det har difor ikkje vore aktuelt å ta dette spørsmålet opp til ny vurdering i samband med kommuneplanen.

Vurdering:

Av dei merknadane som er kome fram i høyringsrunden, går det fram at forslaget til ny samfunnsdel av kommuneplanen i all hovudsak vert vurdert som eit godt overordna styringsdokument.

Handlingsprogrammet i planframleggget er justert ut frå merknadane frå Fylkesrådmannen, og elles vil dei øvrige merknadane verta vurdert i samband med det vidare planarbeidet i kommunen.

Rådmannen vil på dette grunnlaget rá til at framlegg til ny samfunnsdel av kommuneplanen vert endeleg godkjent.

Vedlegg:

Dok.nr	Tittel på vedlegg
25.06.2019	20190621-Merknad fra HIM-Rullering av kommuneplanen sin samfunnsdel - framlegg til plan 2019-2031
31.07.2019	653029_1_1.PDF
31.07.2019	AcosSvarInn.xml
14.08.2019	Uttale til rullering av kommuneplanen sin samfunnsdel - Bokn kommune
14.08.2019	Tilbakemelding på forslag til kommuneplanens samfunnsdel 2019-2031 -

Bokn kommune Rogaland (3151974).pdf
04.09.2019 1587806.PDF
04.09.2019 1-BOKN KOMMUNE - KOMMUNEPLAN 2019-2031 - SAMFUNNSDEL.pdf
04.09.2019 2-Protokollutdrag BOKN KOMMUNE - KOMMUNEPLAN 2019-2031 -
SAMFUNNSDEL.pdf
04.09.2019 3-BOKN KOMMUNE - KOMMUNEPLAN 2019-2031 - SAMFUNNSDEL.pdf
06.09.2019 HØYRINGSUTKAST samfunnsdel revidert versjon av 06092019